



På DVD-en med opptak av alle ferjene i Hordaland på 1990-talet har Harald Sætre også fått med ei som var bygd ved Eidsvik Skipsbyggeri i Uskedalen, Det er MF Fedje som vart levert frå verftet i 1970. Ferja gjekk i rute på Fedje til 2000, då ho vart selt til Barbados. På biletet er ho ved Hoplandsjøen.



Harald Sætre fortel ellers til uskedalen.no at han berre har stilt opptaka sine

til disposisjon, det er skipper Viggo Nonås som har hatt ideen om DVD-en. Han er skipper på MF Hordaland som går irute mellom Årsnes og Gjermundshamn. Han er også ein sentral person i ferjelaget som eig den freda ferja Skånevik og som ligg i Skånevik. Nonås bur i Hålandsdalen. DVD-en kan tingast i www.ferjelaget.no

Foto: Harald Sætre

Tekst: Ola Matti Mathisen